



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
58/24	Næring- og miljøutvalet	19.11.2024
145/24	Formannskapet	25.11.2024
91/24	Kommunestyret	28.11.2024

### Trafikktryggingsplan 2025-2028 - Høyring

#### Samandrag:

Saksopplysningar

Nordplan har på oppdrag frå Hareid kommune utarbeida trafikktryggingsplan for perioden 2025-2028.

Planen skal no ut på offentleg høyring.

#### Næring- og miljøutvalet 19.11.2024

#### Nye framlegg:

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

#### NMU - 58/24 Vedtak

#### Næring- og miljøutvalet innstiller på at:

Kommunestyret vedtek at trafikktryggingsplanen 2025-2028 vert sendt på høyring.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek at trafikktryggingsplanen 2025-2028 vert sendt på høyring.

**Vedlegg:**

- Trafikktryggingssplan 2025-2028 - Høyringsutkast
- Vedlegg 1 - Handlingsplan\_fysisketiltak
- Vedlegg 2 - Innspel til planen
- Vedlegg 3 - Rettleiing Trafikksikker kommune
- Vedlegg 4 - Barnetrakkregistrering
- Vedlegg 5 - Hjartesonekartlegging

**Saksopplysningar:**

8. april 2019 vedtok formannskapet oppstart av arbeidet med trafikktryggingssplanen og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn, sak 2019/402. Planprogrammet låg ute til off. ettersyn i 6 veker.

I 2020 vart planarbeidet satt på vent og det vart sett av midlar til å fullføre planen.

Planprogrammet frå 2019 har i lag med alle innspel og merknadar som har kome inn, gitt eit godt grunnlag for alt arbeid som allereie er lagt ned i ny trafikktryggingssplan.

Dette er teke med i det vidare arbeidet for å fullføre planen.

Arbeidet med trafikktryggingssplanen har vore varierende i fleire år grunna kapasitet og hatt ulike sakshandsamarar.

Jobben med planen har vore sett i gong igjen etter sommaren 2024 og vi har no jobba vidare i lag med Nordplan for å sy saman ein oppdatert plan som administrasjonen no meiner er klar for høyring.

**Vurdering og konklusjon:**

Planen som no ligg føre, skal gi eit godt grunnlag og vere eit styringsverktøy for vidare arbeid og planlegging.

Alle innspel som har kome inn langs med er gjort vurderingar av og innarbeidd i planen.

Kommunedirektøren meiner planen på ein grundig og god måte syner dei trafikkale utfordringane Hareid kommune står ovanfor.

Planen gir ei grov framstilling av kva kostnader dei ulike tiltaka ber med seg og det vil vere eit verktøy som er styrande for kva tiltak skal vere med i investeringsplanen.

Konsekvensar for barn og unge: *Som omtala i planen.*

Konsekvensar for eldre: *Som omtala i planen.*

Konsekvensar for menneske med nedsett funksjonsevne: *Som omtala i planen.*

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Som omtala i planen.

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar: Som omtala i planen

Bent Arild Grytten  
kommunedirektør

Ruben-Kenneth Brandal  
einingsleiar kommunalteknikk og VAR